

Prosjektmøte - Framtidas Oppvekst

Sted: Sauda Rådhus

Tid: 19. mars 2024

Tilstede: Målfrid S Årthun (Kommunalsjef og prosjektleiar), Jan Otto Kanestrøm (KFU- leiar), Kristine Torgersen (SFO- leiar), Siv Jørgensen (HTV Fagforbundet), Stefan Sjøfting (HTV Utdanningsforbundet) -på Teams, Marit-Helen Hølland (styrear), Ellen Tveit (rektor)

Forfall: Ingen

Referent: Jannicke Hatlen (rådgivar oppvekst)

Referat

<p>Sak 5 / 2024</p>	<p>Runden rundt, innspel frå medlemmane i prosjektgruppa.</p> <p>Korleis har prosessen vore så langt?</p> <p>Alle fekk dele informasjon om arbeidet så langt i einingar, grupper og utval.</p> <p>Alle har starta arbeidet med informasjonsdeling,</p>
<p>Sak 06/2024</p>	<p>Oppdrag 1: Barns beste vurdering</p> <p>Gjennomgang av køyreplan for medverknad knytt til barns beste vurdering</p> <p>Gjennomgang av FNs Barnekonvensjon, artikkel 3 første ledd; <i>«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»</i></p> <p>Kva er ei barns beste vurdering? Vurdere kva som er det beste for barnet:</p> <ul style="list-style-type: none">• Barn/unge si stemme,• Føresette si stemme (på vegne av barn/unge)• Fagleg vurdering - basert på fagleg kunnskapsgrunnlag skal vegast og vurderast opp mot kvarandre. <p>Ulike moment kan inngå i ei heilskapsvurdering (døme, likeverd, sårbarheit, rett til opplæring mm)</p>

Tretrinnsmodell for å gjere ei barnets beste vurdering i sakshandsaming:



I lys av dette drøfta prosjektgruppa barns beste i lys av følgjande spørsmål:

Kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod, om me beheld barnehage og skulestrukturen slik den er i dag?

Kva negative konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod, om me beheld barnehage og skulestrukturen slik den er i dag?

Kva positive konsekvensar kan det ha for barna sitt tilbod, om me endrar barnehage og skulestrukturen, ut frå slik den er i dag?

Kva negative konsekvensar kan det har for barna sitt tilbod, om me endrar barnehage og skulestrukturen, ut frå slik den er i dag?